Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ymse attåtfor

Oppskr. av: Peder Pedersen

(adresse): Höylandet i Namdal.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Herad: Höylandet.

Bygdelag: Höylandet.

Gard: Brönbo

G.nr. 87. Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dei ymse slag attåtfor som er nemnt under punkt I, rötter, II tang og tare har ikkje so lang attende eg har höyrt noko om vore sanka her i bygda. Höylandet er ei innlands-bygd - der ein ikkje har hatt höve til å sanka tang og tare.

Ad. III. Annat for av plantar. Eg kan nemne, at ein i allfall før i tida hogg og köyrde heim ikkje so reint lite grånbar - som vart nytta som attåtfor til sauene. Ein nytta helst bar av litt eldre tre og som det voks „grånskjegg" på. Ein köyrde heim slikt bar frå skogen eller kvart som ein hadde bruk for det. Ein gav sauene dett baret som store kvistar - som på ein eller annan måte vart fest til sauegrinda, so kvistane ikkje vart dregne inn i sauebinga. Ved å nytta bar under fôringa freista ein å berga dyra mot sume sjukdomar, t.d. utkröyting. Det var helst når leid ut på ettervinteren at ein nytta bar i fôringa. Eg veit om at her enno er sume som gjev sauene bar av denne grunn.

Ad IV. Mestefrå er heilt ukjendt som attåtfor.

1591

2

Ad. V. 1 Sörpefor: Er so ein ikkje få kjøpt kraftfor – freistar ein noko so godt det let seg gjera å böte på dette med å gjera kjirne sörpefor. Dette blir i sofall koka. Sörpa blir helst koka i eit vanleg storkeri – anten i kjellar under stovebygningen eller i eit serskilt eldhus. Nå for tida blir sörpa vanleg gjeve dyra i sjölve oltoeet – krybba – utan å ha ho i stamp (kar). I gamal tid da ein nytta sörpe mykje meir en no nytta dei eit kar, ein stamp, til kvar ku. Dette hadde skap som ein sylinder, og var laga av stavar – altso stavforma. Desse stavane vart halde saman anten av jarn- eller trebands övst og nederst på stampen. Ein slik stamp kunde ta omlag 2 bytter. Nå for tida blir sörpa vanleg koka for at ein på den måten skal drepa groemna i det ugrasfröet som ofte vert nytta saman med dei andre næringsemnene: I min ungdom, da ein ikkje tok omsyn til slikt noko brukte ein helst å slå kokande vatn over det som skulde lagast til sörpe, etter at ein hadde måla til ei höveleg mengd sörpefor i kvar stamp.

2. Til sörpe nyttar ein jamnast lettkorn av bygg og havre, som er skild ut frå det andre kornet under treskinga, ugrasfrö, höymold agner, og er so ein nær skav- blandar ein inn noko av det. Før i tida brukte ein og å strö eit grande havremjöl ovanpå blandinga og so eit grande salt. Nå er det slutt med det, da den havren, som ikkje blir seld, blir nytta som hestefor.

3. Sörpa blir nytta kald for det meste. Da eg var ung var det vanleg å gi dei dyra

1591

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Under blad. Som hadde kalva dei fyrste dagane etter kalvinga — ei bytte varm soppe, med noko omframt godt — i.d. ei röre av bygg- eller havremjöl. Sovar det og slett med det.

4. I gode rognebærår, kan ein på same bruk sanke rognebær, som blei turka inne i hus i.d. på lävegolvet; men dette blei fora opp som dei er utan å bli bløytte opp. Dei blei og nytta som mat til hönone.

5. Svante har aldri høyrt i bygda vore bruka i fóringa, avdi bygda ligg so langt unna noko brenneri, at det ikkje har vore råd å få tak i slikt noko.

1591

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING